



## **Selskapskontroll | Sogn og Fjordane fylkeskommune**

Trivselshagen IKS

Prosjektplan/engagement letter

April 2019

«Selskpskontroll av Trivselshagen  
IKS - prosjektplan»

April 2019

Prosjektplan utarbeidd for Sogn og  
Fjordane fylkeskommune av  
Deloitte AS.

Deloitte AS  
Postboks 6013 Postterminalen,  
5892 Bergen  
tlf: 55 21 81 00  
[www.deloitte.no](http://www.deloitte.no)

# Innhold

1.	Føremål og problemstillingar	4
2.	Revisjonskriterium	5
3.	Metode	6
4.	Tid og ressursbruk	7

# 1. Føremål og problemstillingar

## 1.1 Bakgrunn

Deloitte har i samsvar med bestilling frå kontrollutvalet i møte 01.04.2019 og sak nr. 15/19 utarbeidd ein prosjektplan for selskapskontroll av Trivselshagen IKS.

Trivselshagen IKS er eigd av Gloppen kommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune (50 % kvar). Selskapet blei oppretta i 2007. Selskapet er registrert med hovudbransje «81109 - Andre kombinerte tjenester tilknyttet eiendomsdrift», og føremålet som er registrert er:

«Planleggje, byggje, eige og drive eit felles prosjekt for å skaffe Firda vidaregåande skule nødvendig undervisningsareal og å skaffe skulane og lokalsamfunnet i Gloppen kultursal, symjehall, idrettshall m.v. i samsvar med den funksjonsplanen som er vedteken av deltakarane. Fellesprosjektet omfattar både nybygga i funksjonsplanen og rehabiliteringa av Firdahallen.»

Trivselshagen er ei lokal klynge som består av Firda vidaregåande skule, Gloppen ungdomsskule og Nordfjord folkemuseum.

Bakgrunnen for selskapskontrollen er plan for selskapskontroll 2016-2020 der selskapskontroll av Trivselshagen IKS er prioritert som nummer 3. I tillegg blei det i 2018 utarbeidd ein rapport om selskapet av Vidsyn rådgjeving AS som syner fleire utfordringar knytt til selskapet, mellom anna knytt til rolleforståing og samhandling mellom aktørane som er involvert i selskapet. Det blir vidare vist til at:

- Selskapet ikkje lenger er eit eigeomsselskap, men ein hybrid med både eigeommsforvaltning og drift av fleire tenester og innhald
- Driftsutgifter blir ført på selskapet (og fordelt mellom eigarane), medan inntekter slik som framleige av areal går til ein av eigarane (Gloppen kommune)

Rapporten tilrår at «kontrollutvala etterprøver selskapsavtalen, kostnads og inntektsfordeling m.m.»

## 1.2 Føremål og problemstillingar

Føremålet med selskapskontrollen vil vere å gjere ei vurdering av om selskapsavtalen blir etterlevd og om kostnads- og inntektsfordelinga i selskapet er gjort i samsvar med regelverk og avtalar mellom eigarane. Samhandlinga mellom aktørane vil også bli undersøkt.

Med bakgrunn i føremålet er det utarbeidd følgjande problemstillingar som vil bli undersøkt:

1. I kva grad er selskapsavtalen i samsvar med regelverket og blir denne etterlevd i praksis?
  - a) Er selskapsavtalen i samsvar med krava i lov om interkommunale selskap?
  - b) Er drifta i selskapet i samsvar med føremålet og andre krav i selskapsavtalen?
2. I kva grad fungerer samarbeidet mellom eigarane og selskapet, og mellom eigarane tilfredsstillande?
  - a) I kva grad er det etablert ein tydeleg struktur for samhandling både knytt til eigarstyring og driftsoppfølging?
  - b) Er det inngått tilstrekkeleg med avtalar for å regulere forholdet mellom selskapet og eigarane, og mellom eigarane?
3. I kva grad blir inntekter og utgifter knytt til selskapet si drift ført i samsvar med regelverk og inngåtte avtalar?

## 1.3 Avgrensingar

Dette er ein selskapskontroll som skal sjå nærare på utvalde problemstillingar. Det er ikkje ein del av mandatet å sjå på alle forhold knytt til Sogn og Fjordane si eigarstyring av selskapet.

## 2. Revisjonskriterium

### 2.1 Innleiing

Revisjonskriteria vil bli henta frå og utleia av autoritative kjelder, rettsreglar, politiske vedtak og fastsette retningslinjer. Revisjonskriteria under er ikkje utømmende for kva som kan vere relevant i forvaltningsrevisjonen. Andre kriterium vil kunne komme til dersom det skulle vere naudsynt for å få ei fullstendig undersøking og vurdering av problemstillingane.

### 2.2 Lov om interkommunale selskap

Lov om interkommunale selskap stiller ei rekkje krav selskapa. Mellom anna blir det stilt krav til **selskapsavtale** og kva slike avtaler skal innehalde. Det er også stilt krav til **økonomiplan og budsjett** som skal leggjast fram for og vedtakast av eigarane. Det er også regulert i lova kva **lån** selskapet kan ta. Det blir presisert at selskapet berre kan ta opp lån dersom dette er fastsett i selskapsavtalen, og avtalen må innehalde eit tak for selskapet sitt samla låneopptak.

### 2.3 Fylkeskommunale og kommunale styringsdokumenter, avtalar og vedtak

Relevante (fylkes-) kommunale styringsdokument og vedtak kan bli nytta som revisjonskriterium. Dette kan for eksempel dreie seg om inngåtte avtalar mellom selskapet og eigarane, vedtak som er fatta av fylkeskommunen, vedtak fatta i representantskap og andre relevante styringsdokument.

## 3. Metode

Deloitte utfører selskapskontroll (forvaltningsrevisjon av selska) i samsvar med gjeldande standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001) og kvalitetssikring er underlagt krava til kvalitetssikring i Deloitte Policy Manual (DPM).

### 3.1 Dokumentanalyse

Rettsreglar, avtalar og fylkeskommunale vedtak vil bli gjennomgått og nytta som revisjonskriterium. Vidare vil informasjon om selskapet og dokumentasjon knytt til etterleving av regelverk og avtalar (t.d. rekneskap) bli samla inn og analysert. Innsamla dokumentasjon vil bli vurdert opp mot revisjonskriteria.

### 3.2 Intervju

For å få supplerande informasjon til skriftlege kjelder vil Deloitte intervju utvalte personar frå selskapet. I tillegg vil vi intervju representantar både frå Gloppen kommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune for å kunne sei noko om samhandlinga mellom eigarane og mellom selskapet og eigarane. Vi tar sikte på å gjennomføre ca. 4-5 intervju.

### 3.3 Verifisering og høring

Oppsummering av intervju vil bli sendt til dei intervjuua for verifisering. Det er informasjon frå dei verifisert intervjureferata som vil bli nytta i rapporten. Rapporten vil bli sendt fylkeskommunen og selskapet for verifisering og høring (2 veker). Fylkeskommune og selskapet sine høyringsuttaler vil bli vedlagt den endelege rapporten som blir sendt til kontrollutvalet.

## 4. Tid og ressursbruk

### 4.1 Nøkkelpersonell

Stein Ove Songstad er ansvarleg partner på oppdraget. I tillegg vil teamet bestå av prosjektleiar Birte Bjørkelo (director), Silje Fossmo (manager) og Sjur Børve (jurist). Deloitte har sett saman eit team som sikrar at prosjektet blir gjennomført i samsvar med gjeldande retningslinjer, samt med nødvendig kompetanse og erfaring innanfor kommunal revisjon.

### 4.2 Ressursbruk

Med utgangspunkt i prosjektet sin karakter og planen som er lagt for korleis prosjektet skal bli gjennomført estimerer vi at det vil ta inntil 290 timar å gjennomføre prosjektet. Det er noko usikkert kor omfattande prosjektet vil vere, og kor avgrensbare problemstillingane er. Dette vil vi ta opp i møte med kontrollutvalet i samband med bestillinga. Timetalet inkluderer førebuing av prosjektet, utarbeiding av problemstillingar og prosjektplan, førebuing og gjennomføring av datainnsamling, analyse av data og utarbeiding og kvalitetssikring av rapport. Timetalet omfattar også presentasjon av ferdig rapport for kontrollutvalet.

Timeestimatet inkluderer ikkje førebuing og gjennomføring av presentasjon i fylkestinget. Ein eventuell presentasjon av rapporten i fylkestinget vil bli fakturert etter medgått tid, inntil 6 timar i tillegg til det totale timetalet som er presentert over.

Sjå vedlegg for oversikt over timefordeling.

### 4.3 Gjennomføringsplan

Oppstart av prosjektet vil vere 7. mai 2019 og rapporten vil vere klar for oversending til kontrollutvalet ved sekretariatet innan 15. september 2019. For å kunne gjennomføre prosjektet innan denne fristen og med stipulert timebruk, er det nødvendig at selskapet og fylkeskommunen sender over etterspurt dokumentasjon innan dei fristar som blir satt, og at utvalte personar stiller til og verifiserer intervju.

Tentativ tidsplan er vist under.

Mai	Sende oppstartsbrev 30. april og førespurnad om dokumentasjon 7. mai frist 21. mai. Gjennomgang av dokumentasjon
Juni	Ev. oppfølging av dokumentasjon og gjennomføring av intervju
August	Oppfølgingsspørsmål, skrive rapport, kvalitetssikring
2 september	Sende på verifisering og høyring (2 veker)
16 september	Levering til KU

Fakturering av kostnadane ved prosjektet vil skje i samsvar med avtale.

Bergen, 25. april 2019



---

Stein Ove Songstad

Oppdragsansvarlig partner



Deloitte AS and Deloitte Advokatfirma AS are the Norwegian affiliates of Deloitte NWE LLP, a member firm of Deloitte Touche Tohmatsu Limited ("DTTL"), its network of member firms, and their related entities. DTTL and each of its member firms are legally separate and independent entities. DTTL (also referred to as "Deloitte Global") does not provide services to clients. Please see [www.deloitte.no](http://www.deloitte.no) for a more detailed description of DTTL and its member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

Deloitte provides audit, consulting, financial advisory, risk advisory, tax and related services to public and private clients spanning multiple industries. Deloitte serves four out of five Fortune Global 500® companies through a globally connected network of member firms in more than 150 countries and territories bringing world-class capabilities, insights, and high-quality service to address clients' most complex business challenges. To learn more about how Deloitte's approximately 245,000 professionals make an impact that matters, please connect with us on Facebook, LinkedIn, or Twitter.